

Årsmelding

Sogn og Fjordane Folkemusikklag 2007

Årsmøtet 2007

Årsmøtet var lagt til Skei Hotell, laurdag 17.mars

Leiaren Aslak Johnsen ynskte velkommen.

14 representantar frå 10 lokallag deltok saman med styre og dagleg leiar. til saman 20 personar. Jens Brekke vart vald som møteleiar.

Saker: Vanlege årsmøtesaker.

Styret har i 2007 vore samansett slik:

Aslak Johnsen	-styreleiar
Jens Brekke	-nestleiar
Øystein Dahl	-styremedlem
Linda Fluge	-styremedlem
Målfrid Stuhaug	-styremedlem

Varamedlemar:

Helene Myklemyr Bolstad	1. varamedlem
Per Lien	2. varamedlem
Anne Grete Hukset	3. varamedlem

Revisor: Kjell Sverre Snøtun

Fyrste varamedlem har vore innkalla til alle styremøte.

Valnemnd: Magnus Hope, Johannes Rotihaug og Kirsti Timenes Bell

Møter og saker:

Det har vorte halde 4 styremøte og drøfta ein del saker på telefon elles.

Det er behandla 23 saker.

Nemnder

Det er sett ned nemnd for Mokurset. Desse set i nemnda: Aslak Johnsen, Gro Marie Svidal, Arngunn Timenes Bell, Sølvi Lien og Dagrun Hesjevoll

Sjokoladekappleiken i 2007: Arngunn Timenes Bell, Bjørnar Slåtten, Linda Fluge og Målfrid Stuhaug i samarbeid med dagleg leiar.

Medlemar.

Laget hadde 652 medlemmar pr. 31.12 2007. Av desse er 8 stk. direkte innmeldt til fylkeslaget. Laget har 20 lokallag. Ca.150 born og ca 80 mellom 18-26 og ca 420 vaksne

Kontoret

Dagrun Hesjevoll har hatt ansvaret for den daglege drifta av laget og er tilsett i 50 % stilling.

Oppgåvene er mange og varierte, frå dei rutineprega til dei meir utfordrande og kreative.

Ressursane både på tid og pengar er for små til å kunne få gjere alt som laget ynskjer.

Heimesidene strevar ein med. Sølvi Lien jobbar med Mokurssida, men lagssida er ikkje som me ynskjer den skal vere endå, men det vert jobba med saka.

Adresser : www.folkemusikklaget.no www.mokurset.no www.vestlandskappleiken.no

e-post til kontoret: dagrun@folkemusikklaget.no

Kontoret vert ofte kontakta for hjelp, opplysningar med meir frå publikum.

Datakurs.

I februar skipa ein til datakurs med Rolf Torbjørnsen frå Nordisk Datakompetanse. Kurset skulle gå over ei helg, men halve kurset vart spolert fordi internett tilgangen på Sunnfjord Hotell var dårleg. Nokre av dei 6 deltakarane fekk likevel lært noko om å drifte heimesider.

Kappleikar

Fylkeskappleiken vart halden i Aurland 13. og 14.april. Aurland spelemannslag og den nyskipa Aurland toradarklubb var tilskiparar. Kappleiken vart godt avvikla og det var ein fin og triveleg kappleik. Fretheim Hotell var arena og fungerte godt. Aurland toradarklubb tok sigeren i sin klasse og dei imponerte både publikum og domarar.

Kappleiken hadde 82 startnummer og 250 deltakarar. Noko nedgang frå i fjor, men då stilte arr.laget Hornindal spelemannslag med stor deltaking, særskilt i song.

Her er ei oversikt over klassevinnarane.

Spel: Hardingfele senior: 1.Ingrid Schei Stuhaug. Naustedalen spelemannslag
Junior: 1. Erlend Apneseth. Indre Sunnfj. Spelemannslag
Vanleg fele senior: 1. Arne Sølvsberg. Spelemannslaget Fjelljom
Junior: 1. Marthe Brendefur. Hornindal spelemannslag
Lagspel Hf.-senior: 1. Gamlebanken. Indre Sunnfj.spl
junior: 1. Molaus Indre Sunnfj. Spl.
Lagspel Vf –senior: 1. Spelemannslaget Fjelljom
Junior: 1. Ferske Fjelljom . Spelemannslaget Fjelljom
Lagdans, senior: 1. Naustedalen spelemannslag
Junior: 1. Botavon ,Indre Sunnfj. Spelemannslag og Spelemannslaget Fjelljom
Gruppespel fele, junior: 1. Fridtun cousins
Bygdedans:Senior: 1.Mari A. Ness / Atle Hoff . Gaular spelemannslag
Junior: 1. Daniel Eikås / Inger Furevik Indre Sunnfj. Spelemannslag
Lausdans. Senior: 1. Atle Hoff. Gaular Spelemannslag
Bygdedans, senior. Gjesteklasse: Ami Petersson Dregelid / Håkon Dregelid. Voss spelemannslag.
Solistkl. Gamaldansmusikk. Junior: 1.Marianne Dalen. Aurland spelemannslag
Slåttespel, durspel. Junior: 1. Marianne Dalen Aurland spelemannslag
Gruppespel gamaldans, senior: 1.Naustedølen
Lagspel gamaldans senior: 1.Indre Sunnfj. Spelemannslag.
Lagspel toradar, senior : 1. Aurland toradarklubb
Open klasse, senior. Gjesteklasse: Vidar Berge . Kvemmingen spelemannslag

Vestlandskappleiken

Det var Indre Sunnfjord Spelemannslag som sto for tilskipinga som var lagt til Mo og Jølster vid. skule avd. Vassenden og Jølster Hotell. Ein imponerande kappleikskonsert vart avvikla laurdag kveld. Mange etterpåmelde gjorde til at tidsskjema sprakk skikkeleg, men med så mykje godt spel, song og dans, å sjå og høyre vart ikkje tida lang. Kappleiken var godt

avvikla. I staden for meisterkonsert på søndag vart det halde ei kappleiksgudsteneste i Vassenden kyrkje som ei fin avslutning av kappleiken. Det var 77 startnummer med 150 deltakarar til saman. Indre Sunnfjord spelemannslag dominerte med stor deltaking i dans, men i dei andre klassane var deltakinga meir fordelt mellom fylka.

Frå premielista tek ein med dei som hevda seg best denne gongen, frå vårt fylke.

Dans fele/ hardingfele kl C: Nr1: Katrine Aarøen / Ørjan Fjellkårstad. Spelemannslaget Fjelljom / Linda Hjelle / Bjørn Eivind Årdal. Indre Sunnfj. Spelemannslag
Dans fele/ hardingfele kl B:Nr 1: Gry Ingjerd Øksendal / Bjørn Are Drageset: Indre Sunnfj Spelemannslag
Dans fele/ hardingfele kl A: Nr1. Mari A.Ness og Atle Hoff . Gaular Spelemannslag
Dans kl D: Nr1. Sigrun Vigdal / Lars Vigdal Jostedal spell og dansarlag
Lausdans kl.B: Nr1: Atle Hoff Gaular spelemannslag
Lausdans kl.C : Nr 1:Daniel M. Eikås Nr 2: Bjørn Eivind Årdal . Båe Indre Sunnfj. Spl.
Lagdans senior: Nr1: Botavon. Nr2. Lausingane Indre Sunnfjord Spelemannslag
Lagdans junior: Botavon 2. Indre Sunnfj. spelemannslag
Lagspel hardingfele/ fele, senior: Nr1. Indre Sunnfj.Spl. NR 2: Gaular Spelemannslag
Lagspel, junior: Molaus. Indre Sunnfj. Spelemannslag.
Spel hardingfele kl C: Nr1. Erlend Apneset Indre Sunnfj. Spl.
Spel hardingfele klB. Nr 3: Arngunn Timenes Bell Gaular spl, Nr2: Dagfrid Vallestad Gaular Spl. Nr 3, Egil Furnes. Dalsfjorden spelemannslag.
Spel Fele / hardingfele kl A. Nr 2: Gro Marie Svidal, Nr3. Synnøve Bjørset. Båe Indre Sunnfj. Spelemannslag
Vokal kl C: Nr 1 Kristoffer Haugen NR 2 Sondre Leivdal Båe Hornindal spelemannslag.
Vokal kl B: Nr 2 Oline Løvlid. Hornindal spelemannslag
Gruppespel fele/ hard.fele, junior: Nr 2: Tufsene . Indre Sunnfj. spelemannslag
Open klasse: Nr1: Jorun Marie Rypdal Kvernberg, Romsdal spm. Nr2: Vidar Berge, Kvemningen spel og dansarlag . Nr 3 : Voss Hall Lag Voss spelemannslag

Sjokoladekappleiken

vart halden på Mo laurdag 10.mars. 85 deltakarar. Dette er ein uformell kappleik der borna får tevla på andre premissar enn på ein vanleg kappleik og sjokolade som premie. Her er plass til alle og borna stortrivst. Me fekk sjå og høre mange gode presentasjonar. 10 år gamle Mathilde Skjæret frå Jostedalen imponerte alle med si framføringa av ”Knepphallingen”

Tusen takk til alle som stiller opp for desse arrangementa. Det krev stor innsats, utan å få så mykje klingande mynt til lagskassa. Men glede får ein i stort mon, av alle gode prestasjonar på scena. Det er svært viktig med desse møtestadane og ikkje minst synleggjeringa av folkemusikken og –dansen.

Kursverksemd

Mokurset

Mokurset gjekk av stabelen 29.juli -3.august. Kurset hadde 76 kjekke deltakarar, frå 10- 20 år Mange tidlegare elevar, men og nye som spente og forventningsfulle venta på å starte opp på søndagskvelden. I tillegg til intens læring så var det sosialt samvær, grilling, bading og fotballkamp med meir. Og elevane likte seg godt, som tidlegare år.

Lærarkreftene i år var: Arngunn T. Bell, som også var fagansvarleg ,Sigmund Eikås, Lajla Storli, Sølvi Lien, Simona Fraas Johnsen, Olav L. Mjelva, Aslak Johnsen og Britt Pernille Frøholm på fele og hardingfele. Toradar tok Øyvind Sandum seg av.Jens Brekke sto for lur og bukkehorn. Solbjørg Tveiten hadde song, og Ronny Johannesen drog trekkspelbelgen. Ingrid Søyland var den som tok seg dansinga i år.

På kurset hentar ein og inn ein felemakar til å ta seg av mindre manglar på instrumenta til elevane. I år var det Asbjørn Fonn som stelte med dette.

Praktisk kursleiar var Dagrun Hesjevoll.

Kursstaden er for liten med omsyn til rom og undervisningslokale, men elles så kan me ikkje finne betre plass å vere.

Tine Meieri på Byrkjelo fortentar ein stor takk fordi dei sponsa oss med meierivarer for tredje året på rad. Også Nor-drikk som sponsa med vatn vil me gjerne takke. Dette gjorde til at brusdrikkinga vart redusert.

I tillegg til Aslak og Dagrun stilte Linda Fluge, Tor Egil Gjelsvik, Bjørnar Slåtten og Mari A. Ness opp frivillig som nattevakter. Stor takk til dei.

Både NRK og avisa Firda besøkte oss på kurset, så noko media dekning vart det og.

Inspirasjonskurs

Kurset vart avvikla for andre gong. I år var det Erlend Viken som var den store inspiratoren for dei 8 jentene og den eine guten som deltok. I år var kurset vinkla mot utøving og framføring på scene. Skodespelaren Idun Losnegård sto for dette og elevane såg ut som dei kosa seg stort og hadde godt utbyte av kurset. Kurset laga konsert for dei andre på torsdag . Det var eit tablå om eit kommunestyremøte og det var så bra at ein valde å ta delar av det med i avslutningskonserten på fredag kveld. Det synta til fulle at denne veka hadde gjeve deltakarane meir tru på seg sjølve og frigjort seg meir i si utøving.

Dansekurs

Dansekurset starta med Mads Bøhle og hallingdans. Mest teori, men og dans. Ami Petersson Dregelid heldt fram og ut i veka kom også Håkon Dregelid som instruktør. Kurset var for vidarekomne dansarar som ville lære meir om kroppsføring, teknikk og samspel med musikken. Gro Marie Svidal spela til kurset og ytte sitt til forståinga mellom dansar og musikk / spelemann. Kurset hadde 8 deltakarar.

Rolf Myklebust minnefond

Fondet står pr. 31.12.2007 med 109240.- og er bygt opp av sal av Myklebusthefta og med tilføring av overskotsmidlar frå laget i gode tider. I år er det kun renter som er tilført fondet, då det ikkje er selt bøker dette året.

Skumringstimen.

Det er framleis bøker på lager. I 2007 har det vore lite sal.

ØKONOMI

I 2007 har ein klart å få eit lite økonomisk overskot.

Det vert søkt støtte overalt der det er håp om å få midlar til arbeidet. Dette er naudsynt for å gjennomføre arbeidet og behalde sekretæren, som ein treng for å kunne drifte tiltaka for born og unge.

Det største bidraget kjem frå : Sogn og Fjordane Fylkeskommune.

I tillegg har ein fått støtte frå: Norsk Musikkråd, Norsk kulturråd (LNU) Rådet for folkemusikk og –dans, Luster Sparebank, Storebrand

Desse har sponsa oss: Eikås Sag og Høvleri, Even`s budbil, Spar Gaupne
Tine Meierier, Nor-Drikk
Folkemusikklaget takkar alle som har støtta oss.

SAMARBEID MED ANDRE

Folkemusikklaget har samarbeid / kontakt med desse organisasjonane og institusjonane:
Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturavdelinga / fylkesarkivet.
Norsk Musikkråd
Sogn og Fjordane kulturnettverk
Landslaget for spelemenn
Rådet for folkemusikk og folkedans
Hordaland Folkemusikklag
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival

Seminar, møte og representasjon

Lagleiarsamling i Oslo og Tradisjonskurs i dans : Aslak Johnsen
Kulturkonferanse i Førde "Lidviniaden" Dagrun Hesjevoll
"Konferansen " var ei markering av at Lidvin Osland fylte 70 år og samstundes slutta i fylkeskommunen. Han fekk utdelt kongens fortanestemedalje i gull og overraskande også for han, var det bokslepp av boka "Lidvin , rett og slett". Redaktørar for denne er Trond Ueland og Georg Arnestad.
Årsmøte i Spelemannslaget Fjelljom: Aslak Johnsen
Leiarmøte i Vestlandskappleiken: Linda Fluge og Dagrun Hesjevoll
Årsmøte i LfS: Aslak Johnsen og Dagrun Hesjevoll
Lagleiarsamling i samband m/ årsmøte i LfS: Aslak Johnsen og Dagrun Hesjevoll
Kulturkonferanse i Flåm: Jens Brekke .(Dagrun Hesjevoll var der for anna organisasjon men hadde og folkemusikkhatten på)
Sommarkursmøte under Folkelarm: Dagrun Hesjevoll og Gro Marie Svidal
Møte med LNU: Gro Marie Svidal møtte for oss (og dei andre sommarkursa)

I styret for Førdefestivalen møter: Sturla Bell Fossen (vara Synnøve Bjørset) for kulturorganisasjonane. Det same i representantskapet for festivalen, der Johannes Rotihaug møter med Dagrun Hesjevoll som vara. Frå desember er Aslak Johnsen medlem i representantskapen i staden for Johannes Rotihaug.

Medlemskap:

Landslaget for Spelemann
Førde Internasjonale Folkemusikkfestival
Norsk Folkemusikklag
Sogn og Fjordane kulturnettverk
Laget er representert i:
Ragnar Vigdals minnefond: Dagrun Hesjevoll
Sogn og Fjordane kulturnettverk: Magnus Hope. Johannes Rotihaug varamedlem

Landskappleiken på Geilo og Landsfestivalen i Vågå.

Arrangør er LfS, men dette er tiltak som våre medlemmar deltek på i stor mon og som me arbeidar for å få endå fleire til å vere med på.
Deltakarane våre hevdar seg godt og her tek ein med ein del gode resultat frå premielistene.

Landskappleiken

Durspel junior: Nr 2 Marianne Terum Dalen, Aurland spelemannslag
Lagspel HF. Senior: Nr1. Indre Sunnfj.Spelemannsl. Nr 2: Gamlebanken Indre Sunnfj. Spl.
Lagspel HF. Junior: Nr 2. Molaus Indre Sunnfj. Spl.
Hardingfele B: Nr 2 Ingrid Schei Stuhaug. Naustedalen spl. Med det rykka ho opp i A-klassa
Dans fele. A : Nr 1. Silje og Audun Sølvsberg, Spelemannslaget Fjelljom
Dans fele C: Nr 2 Berit Årøen og Ørjan Fjellkårstad, Spelemannslaget Fjelljom
Lausdans B: Nr 2. Atle Hoff , Gaular spelemannslag
Hardingfele kl C: Nr 2.Erlend Apneset Indre Sunnfj. Spelemannslag
Instrumentutstilling:
Hardingfele: Bronsemedaljar til Harald Kvandal for ei fele og Magne Leiknes med to.
Eldre Folkem.instr. Magnus Hope fekk bronsemedalje for langeleik

Det var 34 startnummer frå vårt fylke. Her er teke med dei som hevda seg best i kvar klasse.

Landsfestivalen

Denne var arrangert i Vågå og deltakarar frå fylket var med og tevla.

Frå premielista finn me at Arve B. Røneid, Gaupne var i finalen i solo andre instrument og vart nr. 3. Ida Kristine Sagerøy, Jostedal var i finalen i same klasse for junior og fekk tredjeplassen. Marianne Terum Dalen , Aurland vart nr. 3 i solo durspel, junior

Det var fleire frå fylket på listene, men her er teke med dei som hevda seg best denne gongen.

Folkelarm

Tiltaket samlar mykje ungdom også frå vårt fylke. Førdefestivalen stilte opp med stand.

Fylkeslaget deltok ikkje p.g.a kostnadane. Dagleg leiar var der som observatør (privat) men deltok og på sommarkursmøte med LfS.

Sigrud Moldestad var flott programleiar på prisutdelingskonserten og fekk samstundes vist innslag frå sin ”Taus” førestilling. Vinnarane i Kl. A dans, fele: Silje og Audun Sølvsberg frå Spelemannslaget Fjelljom dansa under konserten, med Arne Sølvsberg som spelemann.

Førde internasjonale folkemusikkfestival:

Laget er med i stiftinga.

Medlemar frå organisasjonen er med på alle plan i festivalen, både som ”arbeidarar” og utøvarar.

ANDRE FOLKEMUSIKKTILTAK I FYLKET

Her tek me med andre tiltak /hendingar som ikkje vert drivne av folkemusikklaget, men der folkemusikkutøvarar er med. Dei set folkemusikken frå fylket, på kartet.

Me har med dei hendingar og tiltak som me har opplysningar om og som me trur medlemmane våre har interesse av.

Fylkesmusikarane i Sogn og Fjordane.

Sigmund Eikås, Harald Hesjevoll, Elin Grytting , Oddbjørn Ramstad og Vidar Underset er framleis i stillingane. Øyvind Lyslo er fylkesmusikkleiar, men er og med ute på vegen/ fjorden. Dei har faste oppdrag i sine lokalmiljø og elles oppdrag både gjennom den kulturelle skulesekken, Førdefestivalen, Sogn og Fjordane Teater og andre.

Også dette året har dei hatt samarbeid med fylkesmusikarane i Hordaland og gjestemusikarar. Dei har turnert me seglskuta ” Mathilde ” med tre ulike gruppe –samansetningar i begge fylka. Dei har hatt konsertar i Stryn og Førde, der alle utøvarane var med.

”100 of memories ” var ei danseoppsetjing med tre franske ungdomar. Øyvind Lyslo, Harald Hesjevoll og Elin Grytting var med å setje musikk og ”lydeffektar” til dansen. Dei hadde utdrag av framføringa i Dale og heile førestillinga vart vist i Førde. Elin Grytting og Hanne Oftedal turnerte, i DKS med programmet ” Primstaven”

Førde internasjonale folkemusikkfestival saman med Sogn og Fjordane Teater og Fylkeskommunen sette opp barneførestillinga ”Den vesle prinsen” til festivalen i 2006. Førestillinga var på vegen att i haust. Aktørar er: Gro Marie Svidal, Ulf Arne Johannesen og no med Tom Karlsrud i staden for Harald Hesjevoll som er sjukmeld. I 2007 vart det sette opp ei ny oppsetjing ” Reknepriinsen” eit ”folkedansteater ”der Vidar Underset deltok saman med Sigrid Moldestad frå vårt fylke.

Diverse om folkemusikarar frå fylket:

Sigrid Moldestad har gjort stor suksess med førestillinga ” Taus” som omhandlar spelkvinner frå Hornindal. Ho gav ut plate med same namn og fekk Lutt-prisen for 2007 frå NRK, Sogn og Fjordane. Ho vart kåra til årets ” Fylkes-topp” m/ låten Samuline Seljeset. Som krona på verket fekk ho ” Spelemannsprisen i folkemusikk for 2007 ”

Gro Marie Svidal var i semifinalen til ” Introfolkprisen ”.

Judith Vesterheim fekk Sogndal Kommune sin kulturpris for 2007

Indre Sunnfjord Spelemannslag kom med cd og notefte med ”Slåttar frå Vestlandet” med Sigmund Eikås og Joar Skorpen.

”Posten sin kulturpris” for 2007 gjekk til Sigmund Eikås.

Unni Løvlid :Pris frå Fond for utøvande kunstnarar samt Spelemannspris for ”Draumkvedet” Kristoffer Haugen (12 år), Hornindal: ”Drømmestipend” som Norsk Tipping/ Norsk kulturskuleråd står bak.

Austerheim Musikklag fylte 90 år og feira med jubileumsturne. Dei besøkte alle kommunane i vårt langstrakte fylke med musikk. Ein stor prestasjon, som dei har all æra av.

Tur til Færøyane, der medlemar frå spelemannslaga Eid, Dalsfjorden og Fjelljom deltok.

Eid spelemannslag med stort arr. ” Skjoratippen”

Naustedale spelemannslag med ”Gamaldansgalla

”Tonereise”gruppe frå Luster kom med cd, ”Arv”. Dei deltok i finalen om NRK sin ”Luttpris”

SLUTTORD:

2007 er historie, nok eit aktivt musikk- år er over. Styre vil takke dagleg leiar for jobben som vert gjort, mykje vert og gjort på dugnad. Sommarkurset på Mo er populært som før, fullt kurs, stor etterspurnad, samt nye faglege satsingar. Tradisjonskurs i samarbeid med Hordaland har ein prøvd å få i gang, men grunna liten kapasitet og få ledige datoar vart dette utsett. Vert planlagt på nytt i 2008, då og i samarbeid med LfS. Ein honnør til NRK, Sogn og Fj. som spelar bra av den lokale musikken vår, nok vert det vel aldri. Men me får holde presset på dei så dei nyttar musikken meir. Årsmøtet er no lagt til ein dag, sentralt i fylket og vi håpar med dette på god oppslutnad. Ein stor takk til alle, som gjennom året har vore til hjelp og støtte for folkemusikklaget, frå tips og råd, til arbeid i nemnder. Og sist men ikkje minst til lokallaga og enkeltmedlemar som står på for folkemusikken og -dansen i fylket vårt

Aslak Johnsen (s)
-styreleiar-

Jens Brekke (s)
-nestleiar

Øystein Dahl (s)

Linda Fluge (s)

Målfrid Stuhaug (s)

Dagrun Hesjevoll
-dagleg leiar-

